

## Referat frå styremøte i Røysaleite grendalag 12.09.18

Til stade: Rune, Mari, Stian og Sindre (referent)

### Felling av graner

Kommunen har godkjent felling. Må snakke med dei andre grunneigarane og få løyve frå dei. Rune og Sindre tek dette. Rune har sertifikat og kan felle. Treng dugnad på rydding. Mogleg å få brenne på eigedomen til Malen? Bør skje i vinter.

### Utbygginga i Henjadalen

Mari har bedt kommunen om å få eit møte om trafikktryggleik i samband med utbygging i Henjadalen. Skulen skal vere med på møtet. Veggen blir truleg utbetra til Flya og bygd vidare frå enden. Den blir utsett med eit år, dvs til våren 2020. Bør avgrense trafikken i tida då ungane går til og frå skulen. Mari og Sindre deltek på møtet.

### Innspel om utnyttingsgrad til arealplan

Administrasjonen innstiller på at grendalaget sitt innspel om å utvide utnyttingsgraden på Røysaleite til 30%. Vedtak er venta i løpet av september. Positivt vedtak opphevar eventuelt reguleringsplan på dette punktet.

### Langtidsparkering og deponi av kvist i Klopparteigen

Sindre spør om flytting av Transporter i Klopparteigen til ordinær parkeringsplass.

Vi kan fasilitere dugnad på Stytti og Klopparteigen for å få vekk den siste kvisten der. Spør kommunen om å stille med hengar.

### Haustdugnad

Vi ønskjer å gjere noko på ballbana, men det blir til våren.

Andre tiltak vi ønskjer å føye til tiltakslista, men truleg utset:

- Mure opp grue på friarealet.
- Beise stokkar på lavvoen, stramme opp støttepilarene, impregnere duk, lime fast sitjeunderlag.

Elles ser vi behov for å pusse marka på friarealet med ryddesag.

Vil kalle saman til kort dugnad ein vekedag og ete saman etterpå.

### MVA-kompensasjon

Styret har søkt om kr 18.000 i MVA-kompensasjon. Vedtak er venta ila oktober.

